

ØRSKOG HISTORIELAG med årsmøte: STOR AKTIVITET I 2015

Ørskog Historielag har halde årsmøte 2. mars på Kyrkjeterget – med beste frammøte på mange år.

Årsmeldinga for 2015 viser at laget har hatt nok eit aktivt år. Ei rekkje ulike oppgåver er omtala i ei svært fyldig årsmelding.

Vi tek her med organiseringa av laget – noko som viser den store breidda i arbeidet! Ørskog historielag har eit hovudstyre og undernemnder/utval med sine spesielle oppgåver. Dette krev at vi må ha mange tillitsvalde på plass for å få unna arbeidet. Sjå eige oppsett. Denne gongen fekk vi fylt alle plassar, men vi manglar så langt folk i nokre sentrale postar: Leiar hovudstyret, leiar postvegneemnda og leiar skriftstyret. Her vil brikkene kome på plass ved at desse styra konstituerer seg sjølve. Underutvala kan kort omtalast slik:

- **Paktarhusnemnda** - som tek seg av Paktarhuset – aktivitetar – arkivering – registrering m.m.
- **Skriftstyret** – årsskriftet er deira oppgåve!
- **Teknisk utval** – har mange oppgåver knytta til – lokomobilen, kvernhuset, smia, kraftstasjonen, gruvene/malmbana m.m.
- **Fotoregistrering**. Vi har no avfotografert og registrert nærare 1.400 bilete. Vi finn desse på nettet. Kom til oss med gamle bilete!
- **Postvegneemnda** har oppgåver knytta til Postvegen frå Amdam til Vestnes grense. Postvegmarsjen har blitt ein årleg tradisjon der ØH er medarrangør.
- **Ørskogkalendaren**: Laget tek sikte på ny utgåve for 2017 – i lag med Ørskog Rotary.
- **Digitalisering av kyrkjebøkene** er eit pågåande arbeid med Ole Øystein Nybø i spissen. Vi treng fleire korrekturlesarar!
- **Hovudstyret** på fem personar er samordnande for alt arbeidet. Kveldseta er styret sitt ansvar saman med bygdevandringar og enkelte andre tilskipingar.
- ØH er også sentral i **Olav Oksvik stiftinga** med tre av fem medlemmer.

Årsmøtet gjekk også gjennom og drøfta dei mange oppgåvene laget ser for seg å arbeide med vidare framover i 2016 – og i åra deretter! Mange prosjekt og tiltak skal følgjast opp og utviklast. Meir opplysningar om årsmelding m.m. vil vi kunne finne på laget si nettside www.orskog.historielag.org Ei nettside som det er verdt å ta turen innom.

Laget har no om lag 255 medlemmer – der mange gjer ein flott innsats. Bli medlem i laget – ta kontakt med underteikna.

Til slutt eit lite oppsummerande glimt frå årsmeldinga:


Ørskog Historielag 2015 – med fokus på:

- ✓ Ørskog historielag med eit nytt og flott årsskrift – nr 25!
- ✓ Paktarhuset – utvikle huset til eit «minimuseum» m.m.- vedlikehald
- ✓ «Kulturminne i Ørskog» miniplan frå ØH
- ✓ Utval og nemnder gjer eit jamt godt arbeid! Ørskogfossen kraftstasjon neste?
- ✓ Postvegen – det går framover! Arbeid med siste parsell over Ørskogfjellet.
- ✓ Postvegmarsjen også dette året for 12. gong!
- ✓ Vellukka bygdevandring Apalset - Steinane.
- ✓ Mange fine og godt besøkte kveldseter. Kyrkjeterget er god møtestad!
- ✓ Fotoregistrering og arbeidet med kyrkjebøkene held fram!
- ✓ Auke i medlemstalet.

Frå styret rettar vi ei stor takk til alle som har arbeidd aktivt innan laget – eller har gjeve positiv støtte og respons til arbeidet i meldingsåret 2015.

Også denne gongen tek vi med eit gamalt ord som vi finn på laget si internettside:
”Å gløyme fortida si, er å leve som ein bekk utan kjelde, som eit tre utan rot.”

For styret i Ørskog historielag år 2015.



**Nytt opplag av heftet frå 1995
70 år etter frigjeringa (1945-2015)**

Ragnar Bakken – sekretær -

historielaget avisa 2016 årsmøte